



Årsmøte Hareid Idrettslag

25. mars 2026



Årsmelding frå hovudstyret i Hareid Idrettslag

Samansetjing

Hovudstyret hadde frå årsmøtet 26. mars 2025 til februar 2026 denne samsetninga:

Leiar: Audun Ulstein

Nestleiar: Cecilie Bjørlykke

Styremedlem: Odd Arve Rise

Styremedlem: Elin Vassbotn Øvrelid

Styremedlem: Vivian Johansen

Styremedlem: Lars Grimstad Øvrelid

Styremedlem: Stian Runne Brandal

Varamedlem: Hege Holstad

Varamedlem: Gunn Bente Drevland

Fungerande styret frå februar var:

Leiar: Odd Arve Riise

Styremedlem: Elin Vassbotn Øvrelid

Styremedlem: Vivian Johansen

Styremedlem: Sindre Breivik

Styremedlem: Hege Holstad

Styret har halde 10 møter og handsama 69 saker.

Medlemsskap i HIL ved årsskiftet 2025/26

Gruppe	0-5 år		6-12 år		13-19 år		Vaksne		I alt
	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Jenter	Gutar	Kvinner	Menn	
Fotball			32	119	37	78	24	98	338
Turn	40	31	117	61	32	5	64	16	366
Friidrett			20	38	19	15	18	11	121
Handball			62	19	14	0	18	1	114
Volleyball			8		1		1	3	13
Støttemedlem							32	23	55
Heile HIL	41	37	178	184	137	121	251	276	1225

Det går fram av tabellen over at Hareid Idrettslag ved siste årsskifte hadde 1225 medlemmar. Dette er ei auke på 117 samanlikna med året før.

Når det gjeld detaljane i den idrettslege aktiviteten, viser vi til dei omfattande årsmeldingane frå dei aktive gruppene.

Økonomi

Økonomien i 2025 var betre enn dei føregåande åra. Ein årsak til dette var at idrettslaget ikkje hadde dagleg leiar tilsett halve året, noko som førte til at kostnadene knytt til løn vart om lag halverte. Styreleiar la ned stor innsats med å halde drifta i gang gjennom denne perioden, basert på dugnad og frivillig arbeid. Dette har hatt stor betydning for å betre den økonomiske situasjonen.

Sjølv om hovudlaget gjekk med underskot, har vi samla sett klart å halde drifta i balanse. Den løpande drifta går rundt. Inntektene frå sponsorar var lågare enn i 2024, og nivået er framleis for lågt. I tillegg mottok vi eit lågare beløp i momskompensasjon enn det som var forventa. Inntekter frå grasrotmidlar og medlemskontingent har difor vore viktige, saman med inntekter frå utleige av klubbhuset.

Det har vore ei auke på omtrent alle kostnadspostane i 2025 samanlikna med 2024. Likevel er det viktig å trekke fram at ein har redusert kostnadar knytt til rekneskap frå kr 420 000,- i 2024 til kr 332 000,- i 2025.

Idrettslaget sett under eitt endte med ei omsetning på 6,5 millionar og eit driftsresultat på om lag 700 000kr. Etter finanskostnader endte vi med eit årsresultat/overskot på 506 000kr.

Klubben under eitt har per 31.12.25 ein eigenkapital på 12 447 000kr og ei gjeld på 10 170 242kr, derav langsiktig gjeld på 9 828 948kr (Basishallen utgjør 9,4 av desse). Sjå for øvrig vedlagt rekneskap for hovudstyret og årsrekneskap for Hareid Idrettslag.

Vegen vidare

I 2026 vil hovudfokuset for hovudstyret og dagleg leiar vere å auke sponsorinntektene til klubben. Samtidig må ein halde fram med å ha fokus på kostnadssida og redusere der det er mogleg. Styret skal og organiserast på ein ny måte, slik at arbeidsoppgåvene blir betre fordelt. Dette vil sikre god kvalitet i arbeidet som blir gjort, jamnare arbeidsmengde mellom styremedlemmane og eit meir profesjonelt og effektivt styrearbeid.

Personalet

Guro Kalvø Vattøy vart tilsett som ny dagleg leiar i Hareid Idrettslag med oppstart i juni 2025.

I tillegg har Tor Henning Andersen vore tilsett i stillinga som vaktmeister.

Hovudstyret vil nytte dette høvet til å rette ein stor takk til alle frivillige, trenarar, medlemmar, sponsorar og samarbeidspartnarar. Innsatsen og støtta frå alle som stiller opp er uvurderleg for idrettslaget vårt og heile Hareidssamfunnet! Stor takk!

Hareid 18. mars 2026

Odd Arve Riise

Elin Vassbotn Øvrelid

Hege Holstad

Vivian Johansen

Sindre Breivik